

## **Forskrift om frist for spreieing av gjødtsel av organisk opphav, Aurland kommune, Sogn og Fjordane**

**Heimel:** Fastsett av Aurland kommunestyre 6 september 2012 heimel i forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødtselvarer mv. av organisk opphav § 23 tredje ledd, jf. lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova)

1. *Føremål*  
Føremålet med forskrifta er å sette ein lokal frist for spreieing av husdyrgjødtsel på grasmark utan nedmolding om hausten.
2. *Verkeområde*  
Forskrifta omhandlar alt jordbruksareal i Aurland kommune.
3. *Spreiingsfrist*  
Siste frist for spreieing av husdyrgjødtsel utan nedmolding er 30. september.
4. *Iverksetjing*  
Forskrifta trer i kraft frå vedtaksdato